



[Victoria Haaranes les juleevangeliet under julefesten i Vonheim.](#)

Sjølvs om det nok har vore trongare i Vonheim på julefestane før om åra, var det ei retteleg trivleg festund i forsamlingshuset i kveld, 4. juledag. Festen har tradisjonar langt tilbake i tid, og programmet fulgte den gamle gode leisten. Det er ingen grunn til å endra på det, for det vart ein skikkeleg fin julefest for dei frammøtte.



Svanhill Haugland heldt ein fin juleandakt.

Uskedal musikklag opna festen med å spela 4 julesongar etter at Anne Grethe Sjo hadde ønskt velkommen. Det var i år 29. gangen korpset spela etter at Leif Matre formidla kontakten første gang i 1987.

Victoria Haaranes les juleevangeliet, og den oppgåva utførte ho på ein flott måte. Etter dette heldt Svanhill Haugland ein fin juleandakt der ho også gjorde deg nytte av medbrakt julekrubbe for å anskueleggjera innhaldet i jula.

I matøkta forflytta festlyden seg til den fine og nyrestaurerte kjellarsalen. Der kosa dei seg med kaffi, brus og medbrakte julekjes og anna godt som høyrer jula til. Midt i matøkta dundra det på døra, og inn kom ein snill nisse. Kva kunne då passa betre enn at alle song På låven sitter nissen til han? Nissen hadde med godteristrømper til alle barna.

Vel oppe i salen att var det klart for leikar. Først kjempa borna i den alltid populære stolleiken, og etter jamn og hard kamp, gjekk Karoline Erslund Myklebust sigrande ut av den. Andre leik var både for dei vaksne og dei yngre. Seks deltakarar vart utstyrt med JA/NEI-skilt, og skulle svara lynraskt på artige spørsmål: Er stortåa til venstre på høgrefot? Er kartofler eit fottøy? Kan du eta med gaffelbitar? var døme på spørsmåla. Konkurransesekvensen som vart humørfyllt leia av Tore Mathiesen vart avslutta med ein songkonkurranse der publikum i salen vart delt i to lag.

Siste programøkt var julepregang. Med dei kjende og kjære julesongane og juleleikane rundt treet vart den fine julefesten avslutta. Dei kan verkeleg laga koselege julefestar i Vonheim!!



Musikklaget opna festen for 29. gang



Matøkt i nyrestaurert kjellarsal.



Nissen er alltid like populær!



Madel var veldig fornøgd med det ho fekk av nissen.



Stolleiken er eit sikkert innslag!



Er kartofler eit fottøy?



Juleregang runda av den kjekke festen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.